

Vedrørende søknad om kraftutbygging i Fossedalen/Fossevika, saksnr. 201400336

Høyringsuttale frå Fossedalens Vener til nemnde søknad.


- Fossedalen er ein veglaus dal, der namnet kjem av alle fossane.
- Den gamle fjellgarden Nedre Fossedal er ikkje eit inngrep som skissert i Konsekvensutgreiinga (KU) for søknaden, men av stor kultur- og landskapsmessig rikdom.



Øvre og Nedre Fossedal med toppane i aust. [Fossedalsfossen](#) midt i bildet nede. Laukelandsfossen t.h.

- Askvoll og Fjaler kommunar sa i 2004 med stort fleirtal nei til kraftutbygging i Fossedalen.
- I 2015 vart resultatet det same i både kommunestyra (sjå eigne tilsende handsamingsvedtak frå kommunane).
- Lite er endra i høve 2004. (Vatnet skal først i tunnel i staden for rørygate. Innslaget og stasjonen er flytta mot vest i Fossevika). Verknadane for Fossedalsfossen, elva og fosselandskapet gjennom dalen, lonane ved Nedre Fossedal og Vikafossen med utløp i Dalsfjorden er dei same før.
- Iflg. tabell i KU side 42 er middelvassføringa sett over heile året 1.728 l pr. sekund. Om sommaren er middelvassføringa ein heil del større. Omsøkt minstevassføring om sommaren er 400 l pr. sekund. Altså berre 23% av middelvassføringa. Det blir ikkje så mykje liv i fossane då, samanlikna med det normale, sjølv om dei ikkje blir heilt tørre.
- Slukevne i kraftstasjonen: 2.935 l pr. sekund, eller 1,7 gonger middelvassføringa. Det betyr at det om sommaren ikkje "renn over" før vassføringa blir $2.935 + 400$ (minstevassføring) = 3.335 l pr. sek. eller 1,93 gonger middelvassføringa. Slukevna i kraftstasjonen er så stor at den fangar opp alle mindre flaumar og dei aller fleste vassføringar om sommaren etter at den største delen av snøsmeltinga er ferdig.
- Som ein ser av tabellen, er det nokre mindre flaumar som gir overløp under snøsmeltinga i mai og juni. I den finaste tur- og turistsesongen i juli og august er det nesten ingen flaumar, slik at det nesten berre renn minstevassføring i desse to finaste månadane. (Ein ser også at

dei naturlege vassføringane i desse to månadane med nokre få unntak er betydeleg høgre enn den flate streken for minstevassføringa, sjå grøn kurve.) Unntaka er ein enkelt liten flaum i midten av august og ein stor flaum heilt i slutten av august dette året. Elles ser vi at dei fleste store flaumane i Fossedalselva kjem om hausten.



Figuren viser vannføringsvariasjoner i et middels år (1979) før og etter utbygging

- Kurvene vil sjølvsagt variere sterkt frå år til år. Men hovudtrekka vil vere dei same frå år til år: Ein del overløp under snøsmeltinga i mai og juni. Nesten ikkje overløp i det heile i juli og august, og flaumar med overløp når det er kraftig regnvær om hausten, og enkelte år litt lenger.
- Nedbørsfeltet til den omsøkte utbygginga er på heile 16 kvadratkilometer. Pr januar 2013 i store INON frie landskap([sjå kart fylkesmannen](#)).



Fossevika og Fløyen (Kystarvsti og fjelltrimpost)

- Grunneigar av dei gamle kulturminna i Fossevika har fått offentlege midlar (STILK) til istandsetjing av bygningsmasse og kulturminne. Ei kraftutbygging bryt med autensitet og heilskap i vika..



I Vikafossen: »Kulturminnet tok vare på naturminnet»...



Kvernsteinar i Vikafossen




Dalsfjordbrua har opna opp eit unikt turterreng nær Dale. Den nye turstien går i høgre bildekant.

- Som følgje av Dalsfjordbrua og betre tilgjenge frå Dale-sida av fjorden, har besøkstala for DNT sine hytter, spesielt Nipebu, auka monaleg. Auken har vore på over 30% i 2014. (sjå [Indre Sunnfjord Turlag si årsmelding](#)). Klipp lokalavisa «Firda» 13/2: [Nipebu var den nest mest populære turlagshytta i fylket i fjor](#).
- Den nye stien er støtta med tilskot frå DNT og [Sparebankstiftinga](#). Denne er òg del av Kystarvstiprosjektet i kommunen til [Fløyen og Heileberget](#). Området kjem med dette meir til sin rett for alle. Og vil i framtida bli den mest nytta innfallsporten til det unike natur- og fosselandskapet på nordsida av Dalsfjorden.
- Etter at fjelltrimposten på Fløyen vart tilrettelagd, er posten på denne besøkt heile [881](#) gonger på vel eitt år. Før om åra, og før brua, var besøkstala på under 100.
- Ein opplevde i sommar reine «folkevandringa» til Fossedalen, der parkeringsplassen ved brua i fleire høve var for liten
- Fråveret av veg og trafikk i Fossedalen aukar opplevingsverdien av det enkle friluftslivet. Fossedalen er å rekna som sentrumsnært område til Dale etter at Dalsfjordbrua vart bygd.



Frå Dalsfjordbrua ser vi fjord og fosselandskapet ved Fossevika. T.v. Vikafossen og Laukelandsfossen (freda). Fjella er Kringla, Blegja og Laukelandshesten.

- År 2015 er Friluftslivets år. Løypa mellom Otterstein og Fossevika vil bli opna 31. mai. Opninga er teken inn i lokallaget av DNT, Indre Sunnfjord Turlag, sitt turprogram for 2015.
- Det er under planlegging ny merka sti til DNT-hytta Massbu frå Nedre Fossedal som del av eit "trekantopplegg". Avtale med grunneigar er skriven.
- DNT og Kystarvstiprosjektet har vidare planar om utvikling av stinettet.
- Friluftsliv er ei viktig kjelde for god folkehelse. Fysisk fostring sparer kommunen for utgifter.



Stien langs Fossedalsvatnet er mykje nytta. Her ved Øvre Fossedal med fjellet Eitrenipa, fjelltrimpost, bak



På dugnad er det sett opp fleire nye bruer i Fossedalen

- I regi av DNT er det på dugnad av Fossedalens Vener sett opp 3 nye bruer over Fossedalselva.
- Miljøvernavingdelinga hjå fylkesmannen har definert Fossedalen/Nipebu som eit område av spesielle naturverdiar (EDNA) ([sjå kart fylkesmannen](#))
- Miljøvernavingdelinga hjå Fylkesmannen har avsett same område som lokalt og regionalt viktig friluftsområde (FRIDA) ([sjå kart fylkesmannen](#))
- Ei kraftutbygging vil redusere INON (inngrepsfri natur, spesielt nær Laukelandsfossen/Storelva. Eit parti som er verna.
- Fagrapportane som er utarbeidde i høve utbygginga er mangelfulle. Dei er heller ikkje utførte av kompetent nok personell. I tillegg på feil årstid m.a. etter fugletrekk sesongen.
- Tidlegare er det m.a. observert strandsnipe (NT på raudlista) og fossefall ved Ionane og fossane. Orrfugl har spel plass vest om Nedre Fossedal.



Smålomen ved Nipebu fiskar høgst truleg i Fossedalsvatnet




Eigarane av fritidseigedommen «ELRAKI» i Fossedalen nyttar [Fossedalselva og Ionane som vasskjelde, bading, vask og fiske](#). Heid og Ingrid Fagerheim er eigarar og går mot utbygging av vassdraget. [Elva renn rett forbi eigedommen](#).



Oversiktsbilde: Fossedalsvatnet t.v og området mot [Nipebu](#). Vi ser m.a. [Heileberget](#) (merka kystarvtopp og fjelltrimpost i Askvoll) og [Fossedalshengenipa](#) t.h (fjelltrimpost i Askvoll) Foto frå [Eitrenipa](#) (fjelltrimpost i Askvoll).

- Som typevassdrag, frå alpint høgfjell til fjord, er Fossedalsvassdraget det siste i kommunen som ikkje er bygt ut. Kommunen er frå før mykje [prega av vassdragsutbyggingar](#) m.a. i nabovassdraget i Skorva, [der det no føregår ei betydeleg utbygging](#), i [Stongfjord-fjella](#) og i Rivedal. Askvoll kommune er stor eksportør av fornybar energi.
- Som landskapselement i Dalsfjorden er Vikafossen saman med Laukelandsfossen (sørvende begge to) viktige å ta vare på for framtida. Dei er ein del av identiteten vår.
- Fossedalen/Fossevika og fossane er etter vårt syn ei merkevare for Dalsfjorden som turområde.



Eitt av fleire utløp av Fossedalselva i Dalsfjorden. Vikaholmen midt i bildet. Kva verknader og endringar ei kraftutbygging vil ha på livet i fjorden og i brakkvassona, er eit uavklart spørsmål. Størstedelen av vatnet (over halvdel) kjem på feil stad. I lange periodar vil nesten alt vatnet kome via kraftstasjonen.

- [Nedre Fossedal](#) har saman med noverande utbetring av kulturminne og bygningsmasse i Fossevika (støtta av kommune og stat) betydeleg potensiale i turistsamanheng. M.a. nyttar Åmot Operagard og turistar området i dag. Som omdømebyggjar er dette i lag med Fossedalen, DNT sitt løypenett og Laukelandsfossen (verna) viktige i reiselivssamanheng, "på folkemunne" og i sosiale media. Ei kraftutbygging vil skape støy og negativ merksemd for kommunen.
 - Folk som satsar på turisme i pakt med natur må prioriterast. Ei kraftutbygging i Fossedalen er ikkje framtidsretta. Den omsøkte utbygginga vil ikkje føre til vekst i arbeidsplassar eller tilflytting.
 - Det er ikkje fast busetnad i Fossedalen.
 - Fallrettshavarar er heimehøyrande utanfor Askvoll kommune.
 - [Fossedalen](#), som før kommunereguleringa høyrde til Fjaler, er/var i stor grad knytt til fjalerfolk og folk med tilknytning her. Dei aller fleste grunneigarane er heimehøyrande i Fjaler. Som ein veit frå underskriftsaksjonen mot førre søknad i 2004 var det særst motstand mot utbygginga. Det vart samla inn 1561 seriøse underskrifter (dei vart alle gjennomgådde). I år følgde såleis politikarane rådmannen si innstilling mot ei utbygging med eit røystetal 20 mot 3.
- Limnologiske tilhøve Fossevika Kraftverk.

Fossedalens Vener vil komme med merknad til dei limnologiske verknadane av ei kraftutbygging slik Fossevika Kraftverk har søkt om; etter at vi har fått delta på synfaringa som NVE vil halde i løpet av våren eller sommaren 2015.

- [Film Fossedalen/Fossevika](#)
- [Film Nipebu and surroundings](#)

For Fossedalens Vener

Agnar Åsnes

Arild Laukeland

Bente Liabø Thorsen

Roald Nordeide

Gustav Skaar

Alle foto Fossedalens Vener

Vedlegg 1: Angående konsekvensutredning, Fossedalen, vedlegg 8 «Småkraft AS» ved Multiconsult AS oktober 2014

Vedlegg 2: Tilleggspunkt til uttale Multiconsult 3.6.2 Generell områdebeskrivelse

Vedlegg 3. Befaringsrute – bekkeløft - fossesprutsone



Med stort oppmøte har Fossedalens Dag blitt arrangert flere ganger

1561 underskrifter for Fossedalen

Måndag overleverte Fossedalens venner over eitt og eitt halvt tusen overskrifter mot kraftutbygging i Fossedalen. – Vi skuldar alle som har skrive under eller på andre måtar engasjert seg ein stor takk, seier Gustav Skaar.

ASKVOLL

Ingunn Osland
ingunn.osland@fridne.no



– Dette er 1561 ulike underskrifter. Vi har gått gjennom alle listene, og luka ut alle som har skrive på to gonger, alle born og alle av typen «Donald Duck», fortel Skaar.

Han er glad for dei store engasjementet, og håpar politikarane tek omsyn til det når dei kommande fredag skal avgjere om det vert utbygging i Fossedalen.

Fossedalen på kartet

– Vi har i den perioden vi har jobba for å verne Fossedalen fått mange nye venner. Det veskar som vi har klart å seje staden på kartet, slik at fleire vit kva natur som faktisk finst her, seier Skaar.

Sjølv om Fossedalens dag regna vekk i haust, har dei ikkje lagt tanken om ein slik dag på hylla.

– Vi vil prøve igjen, gjerne i samarbeid med Dalsfjordveka neste år, seier Skaar.

Også Agnar Åsnes i Indre Sunnfjord Turlag har engasjert seg for Fossedalen.

– Vi har Nipebu rett i nærheten, og fleire turlagar som går gjennom Fossedalen, seier Åsnes.

– Lytt til folket

Gustav Skaar oppfordra ordførar Aud Kari Steinsland og dei andre politikarane om å lytte til folket i denne saka.

– Eg skal ta med permen og legge underskriftene og saka fram for politikarane, lovde Steinsland.

Ho la til at ho synt det er flott at så mange viser engasjement og interesse, og reknar med at dette vert lagt merke til også av dei andre politikarane.

Tilrådinga til kommunestyret går mot ei utbygging, slik kommunen også gjorde for tre år sidan, då dei på det sterkeste frarådte å bygge ut i Fossedalen.



STORT ENGASJEMENT: – Vi er imponerte og audmjuke for alle som har skrive under på vern av Fossedalen, sa Gustav Skaar då han overleverte 1561

underskrifter til ordførar Aud Kari Steinsland. Bak står Agnar Åsnes frå Indre Sunnfjord turlag.

Foto: Ingunn Osland



Nedre Fossedal: (Løa t.v. har fått nytt tak)



Fosedalsvatnet, Øvre Fossedal og Eitrenipa t.h.